

## Utlysning av NKH-midler for 2020

Nasjonalt Kompetansetjeneste for Heimerespiratorbehandling (NKH) lyser ut midlar til reiser, forskning eller kvalitetsforbetrings-prosjekt for helsetenester for behandling av vaksne og barn med langtidsmekanisk ventilasjon (LTMV) i heimen.

Prosjektet må gjennomførast, og evaluering må leverast innan utgangen av 2020.

### Økonomi

Ein kan søke midlar til

1. Reisestipend, som kan nyttast for kurs, kongress, møter eller hospitering som angår LTMV – *link til søknadsskjema*
2. Lokale kvalitetsforbetringsprosjekt, inntil NOK 50 000, som kan nyttast til prosjekt med mål om å forbetre kvalitet på behandling som blir tilbode pasientar som brukar LTMV. Midlar skal ikkje brukast til innkjøp av utstyr til sjukehuset – *link til søknadsskjema*
3. Forskningsprosjekt, inntil NOK 458 000 (50% stilling i 1 år), som kan nyttast til forskningsprosjekt med formål å inngå i framtidig PhD grad, dette skal inkludere lønn, sosiale kostnader og driftsmidler – *link til søknadsskjema*

Midlane vert overført til hovudarbeidsgivar som prosjektmidler, og disponerast av søker. Det er obligatorisk å levere rapport etter at prosjektet er gjennomført, eventuelt også som ein kort presentasjon på nettverkssamling for NKH.

### Kriterier for utvelging

Søknadene blir vurderte ut frå tre kriterium; relevans, kvalitet og gjennomføringsevne.

Relevanskriteriet inneber at prosjektet kan knytast til konkrete forslag om kvalitetsforbetring innan LTMV, eller arbeid med forbetring av kvalitet på register for LTMV (kontakt leiar for nasjonalt register), eller samhandling spesialist- og primærhelseteneste, eller pasient-forløp eller kvalitet på opplæring av pasientar og føresette i forhold til LTMV.

Kvalitetskriteriet handlar om gjennomføring av prosjektet står i realistisk høve til ressurstilgang og tidsramme, tidlegare erfaring med gjennomføring av prosjektoppgåver samt i kva grad ein har utfallsmål som kan evaluerast som resultat av prosjektet.

Søknader om forskningsmidlar må innehalde prosjekt beskriving med kort introduksjon, hypoteser og aims, metode, forskingsmiljø, analyseplan, budsjett og plan for aktivitetar, disseminering og implementering av funn/resultat (maks 10 sider med referansar).

### Søknaden

Søknadsskjema må leverast elektronisk, eventuelt med vedlegg som PDF-fil innan **28.02.20**. til [hjemmerespirator@helse-bergen.no](mailto:hjemmerespirator@helse-bergen.no)

Eventuelle spørsmål kan rettast til senterleiar Ove Fondenes på e-post [ove.fondenenes@helse-bergen.no](mailto:ove.fondenenes@helse-bergen.no) eller telefon 55978482 / 95890446